



Lindås Rør og Sanitær AS
Burkhovdane 1
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/9314

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
05.04.2017

Svar på søkand om løyve til å knytte fettutskiljar til kommunalt leidningsnett - gbnr 188/359, Gjervik Ytre.

Teknisk drift syner til registreringsmelding datert 22.03.2017 vedkomande søkand om løyve til å knytte fettutskiljar med nominell størrelse NS 12 til kommunalt leidningsnett.

Vedtak:

Teknisk drift, VVA, har vurdert søknaden og vil gje Knarvik sjukeheim, gbnr 188/359 – Gjervik Ytre, løyve til å knytte fettutskiljar (NS 12) til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Løyve til å knytte fettutskiljar NS 12 til kommunalt leidningsnett er gitt ut i frå motteke søkand og berekningsgrunnlag for val av størrelse. Anlegg skal være plassert som vist på motteke teikning/situasjonskart.
- Tømmefrekvens for fettutskiljar i kommunen er 3-12 gonger i året. For utskiljaranlegg ved gbnr 188/359 vert tømmefrekvens sett til **minimum 3 gonger per år**. Dersom det er behov for tilleggstømming utanfor faste tømningar, skal anleggseigar kontakte tømmeoperatør for ekstra tømning. Kommunen kan, ved behov, setje krav om hyppigare tømning enn det som er gitt i løyvet.
- Det skal tas **1 representativ prøveanalyse av fettinnhald i avløpsvatn og minimum 2 temperaturlogger per år**. Temperaturlogging skal utførast når anlegg er i **full drift og før tømning av anlegg**. Logging skal utførast i ei periode på **3 døgn**. Kommunen kan, ved behov, setje krav om fleire temperaturlogger/analyseprøver enn det som er satt som vilkår i løyvet.
- Fett frå ulike kilder har ulikt smeltepunkt og derfor ulike eigenskaper. Fett løysast opp frå rundt 20°C og ved temperatur opp mot 30°C vil alt fett være løyst opp slik at utskiljaranlegg sluttar å fungere. Optimal temperatur i utskiljaranlegg vil derfor ligge under 20° C.
- Bruk av vaskemiddel (såpe) fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Kun godkjente vaskemiddel skal nyttast og bruken skal avgrensast til eit minimum. Anleggseigar må gå i



dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Ein del kjemikalier vil påvirke anlegget sin reinsefunksjon.

- Minst ein gong i året skal utskiljaranlegg tømmast funnstendig og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje først ut på kommunalt leidningsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollerast (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler etc).
- Større mengder fett, som til dømes frityrfett/-olje skal ikkje først til utskiljaranlegg men samlast opp og leverast til godkjent mottak. Dokumentasjon på dette skal ligge føre ved kontroll.
- Det skal ligge føre **skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør**. Tømmeoperatør kan òg ha rapportering til kommunen. Dette skal da komme fram av inngått avtale. Kommunen skal, til ein kvar tid, ha kopi av gyldig tømmeavtale. Avtalen skal være signert av begge paratar.
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal òg sørge for at anna avfall ikkje vert ført til utskiljaranlegget (slam, stein, matrestar, plashansker etc).
- **For anlegg skal det først driftsjournal**. I driftsjournalen skal tømmeoperatør føre inn når anlegg er tømt, mengde fett som er tømt, når temperaturlogging er utført og alle typer driftsstans. Driftsjournal skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll. Nødvendige skjema får ein av kommunen.
- **Årsrapport**: Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapporten skal innehalde tømmerapportar, temperaturlogger og kopi av driftsjournalen. Rapporten skal være Teknisk drift i hende seinast **1.februar påfølgjande år**.
- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som viser tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett. Teikningane skal vise kva som er ført på anlegg. Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk (M 1:500)

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløve for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabilis og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut på kommunalt nett og til reinseanlegg og påfører dette skader.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Knut Hopland

Mottakarar:

Lindås Rør og Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ